



Kropp og grenser

Mål for økta: Barna lærer at det er vanleg å vere nysgjerrig på sin eigen og andre sine kroppar, og at det er lov å ta på og kose med sin eigen kropp og tiss. Barna lærer at alle bestemmer over sin eigen kropp.

Sjå på bildet og snakk saman om det de ser:

- Kva skjer på bildet? Kva gjer barna? Kvar er dei? Kva ser dei på?
- Er det greitt å vise fram tissen sin til andre? (Då må ein spørje først, og den andre må seie at det er greitt.) Er det greitt å sjå på andre sin tiss? (Berre viss den andre har lyst å vise den. Det er ikkje greitt å mase om å få sjå andre sin tiss.)

Fortel barna om kropp og grenser:

Barna på bildet her gjer noko mange barn synest er litt spanande. Dei ser på guten sin tiss. Kanskje får guten også sjå på jenta sin tiss, eller kanskje ikkje. Kan hende ho seier nei? Nokon barn synest det er spanande, medan andre synest det er rart, og litt ekkelt.

Kroppane våre har nesten alltid klede på seg. For sjølv om alle menneske har tiss og rumpe, så er det vanlegvis ikkje lov å vise dei fram. Difor ser vi stort sett berre nakne kroppar i dusjen på svømmehallen og sånn. Det er fordi tissane våre er privat. Vi kallar det privat område. Noko ingen andre har rett til å sjå.

Mange barn er likevel nysgjerrige og likar å sjå andre sine kroppar og vise sin eigen, og det kan vere greitt om alle som er der ønskjer å vere med på det. Vi må spørje først for nokre barn har *ikkje* lyst til å vise, sjå på, ta på eller bli tatt på kroppen. Om barn seier nei, slutt eller stopp til dette, så betyr det at dei ikkje vil, og da har dei rett til å sleppe meir mas om det.

Tissen vår brukast til å tisse med, men kan også kjennast god å ta på. Mange barn likar å kose med tissen sin, og det er heilt greitt å gjere det når ein er aleine. Når vi er saman med andre bør tissen få vere i fred.

Nokre barn synes det er spanande å kjenne litt på andre sine tissar også, eller trykke tissen sin mot andre, men det er oftast ikkje greitt. Berre barn som er omtrent like gamle har lov til å ta på kvarandre sine tissar viss begge vil, og ingen skal mase på eller presse nokon til å vere med på tissen-leik. Om større barn, ungdom eller vaksne gjer tissen-ting med barn, så heiter det seksuelle overgrep og det er ulovleg. (Bruk eige samtalebilde om dette).

Fordi vi alle har kvar sin kropp, har vi også lov til å bestemme over kroppen vår. Kva vi vil bruke den til, og kva vi vil la andre få lov til med kroppen vår. Vi kan for eksempel velje sjølv om vi vil gi eller få klemmar. Ingen må klemme om dei ikkje vil. Difor er det lurt å spørje før du klemmer nokon for første gang: «vil du ha en klem?» Viss dei svarer ja så kan du klemme, og om dei svarer nei så seier du berre «ok» og smiler til dei. Skal vi øve litt på det? Når nokon spør om du vil ha ein klem kan du altså velje sjølv og seie ja eller nei. Og det er heilt greitt.